

Driftsavtale om digitalt sikringsmagasin (DSM) med tilhørende driftstenester

er inngått mellom:

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS org nr. 971 348 496

(heretter kalla utførar]

og

Kvam herad org nr. 944 233 199

(heretter kalla arkiveigar)

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Linn E. L.', is positioned to the right of the text '(heretter kalla arkiveigar)'. The signature is written in a cursive, flowing style.

Stad og dato:

Bergen 06.10.2020

Føremål:

Føremålet med denne avtala er å regulere pliktene og rettane kring overføring av arkiv til digitalt sikringsmagasin (DSM) samt tilhøyrande driftstenester som følgjer av arkivlova, forskrift om offentlege arkiv og forskrift om utfyllande tekniske og arkivfaglege bestemningar kring behandling av offentlege arkiv.

Omfang:

Arkiveigar vedtek med heimel i selskapsavtalen § 4, pkt. 2 å overføre forvaltinga av arkiv samt tilhøyrande driftstenester til utførar. Omfanget gjeld utelukkande for elektroniske arkiv og driftstenester slik dei følgjer av arkivlova med forskrifter samt vedlegg til denne avtala.

Driftsavtala skal utførast i tråd med vedlagt tenesteskildring samt andre vedlegg.

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (Ja eller Nei)	Ja	Nei
Vedlegg 1: Tenestebeskrivelse inkl pris og prisreglar	X	
Vedlegg 2: Datahandsamaravtale		X
Vedlegg 3: Rutine - rettelingshefte	X	
Vedlegg 4: Deponeringsplan og arbeidsordre for deponering		X

Ikrafttredelse, avtaletid og oppseiing

Avtala trer i kraft 1. september 2020 og gjeld til og med 1. januar 2023. Avtala erstattar tidlegare avtale mellom arkiveigar og utførar kring elektroniske arkiv.

Avtala gjeld for 3 år og vert automatisk fornya om ikkje anna vert avtalt. Avtala kan seiast opp av partane i samsvar med føresegnene i selskapsavtala.

Oppseiingstida er 1 år, frå 1. januar til 31. desember. Oppseiing av avtala skal skje skriftleg og vere utførar i hende seinast 1. juni året før oppseiingstida tek til å gjelde.

Ved oppseiing av avtala skal alle deponerte arkiv vere ute av utførar sine tekniske løysingar seinast 14 dagar før oppseiingstida går ut. Arkiveigar må sjølv koste overføring av arkivmaterialet til ny løysing.

Endringar i driftsavtala etter avtaleinngåing

Arkiveigar har rett til å gje utførar pålegg om endring (endringsordre) i driftsavtala som følgje av endring av krav i arkivlova med føreskrift eller endring i standardar og programvare knytt til tenesteskildringa. Utførar skal ved ei slik endringsordre innarbeide dette i vedlegga innan 30 dagar.

Prisen for driftstenesta og timeprisar kan endrast kvart årsskifte tilsvarande auken i konsumprisindeksen (hovudindeksen) ved Statistisk sentralbyrå. Fyrste gong med utgangspunkt i indeksen 1. januar 2020 til 1. januar 2021.

Prisane kan òg endrast dersom krav i lov og forskrift, standardar eller naudsynt oppgradering av programvare, servere m.v. har verknad på kostnadene til utføraren. I slike høve skal utførar innarbeide dette i vedlegga innan 30 dagar.

Tvist og tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolking eller rettsverknaden av denne avtala, skal tvisten fyrst søkjast løyst ved forhandlingar. Dersom ein tvist i tilknytning til denne avtala ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane prøve å løyse tvisten ved mekling. Det føreset at partane vert einige om ein meklar. Om ikkje er partane sine rettar og plikter etter denne avtala i heilskap fastsett etter norsk rett.

Ansvar for underutførar og tredjepart

Dersom ein av partane engasjerer tredjepart eller underutførar til å utføre arbeidsoppgåver som følgjer av eller i tilknytning til denne avtala, er parten fullt ansvarleg for utføringa av desse oppgåvene på same måte som om parten sjølv stod for utføringa.

Teieplikt

Informasjon som partane vert kjende med i samband med avtala og gjennomføringa av avtala, skal behandlast konfidensielt, og i tråd med datahandsamaravtala. Informasjon kan ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Førespurnader

Alle førespurnadar vedrørande avtalen skal rettast til

Hjå Arkiveigar	Hjå Utførar
Namn: Trude Birknes Buene	Namn: Rune Lothe
Stilling: Arkivleiar	Stilling: Daglig leiar
Telefon: 93851445	Telefon: 41412138
E-post: trubue@kvam.kommune.no	E-post: post@ikah.no